



Turfylgje frå Uskedalen er samla i den nye sauefjøs på Bjørke.

Sist helg var Uskedal Bondelag på studietur til Voss. Målet var synfaring og innføring i gardsdrifta på Bjørke hos Ragnhild Tennebekk Bjørke og Olav Hjetland Bringedal. Eit anna besøksmål var Voss vidaregåande skule, det som før vart kalla Voss Jordbruksskule. Skulen er seinast modernisert i 2016. Så langt vi kjenner til, er det fyrste gongen Bondelaget reiser samla på ein fagtur med overnatting på hotell.



[Den nybygde sauefjosen til Ragnhild og Olav har plass til 400 vinterfora sauer.](#)

Studieturen som Uskedalen Bondelag hadde til Voss sist helg må utan tvil gjevast terningkast 6. Turen starta frå Grano på laurdags morgon med privatbil til Voss.

Første stopp på turen var garden til Ragnhild T. Bjørke og Olav H. Bringedal. Garden ligg på Bjørke med god utsikt til Bømoen og deler av Vossabygdo. Vi vart ynskt velkommen av 3 generasjonar Bjørke. Oldebesto Ingunn på 89 år, Ragnhild og siste skotet på stamma, Anna. For øvrig 20 generasjon på Bjørke.



[Dei yngste i turfylgje synte stor interesse for mjølkeroboten på Jordbruksskulen.](#)

Ragnhild og Olav overtok garden i 2018. Dei har alt bygd seg nytt sauefjøs på heile 850m². Eit av dei største og mest velutstyrte sauefjøsa på Vestlandet med plass til heile 400 vinterfora sauer. Denne vinteren hadde dei 300 sauer i bygget.

Under opphaldet på Bjørke fekk vi også ei omvising i kufjøset, som hadde plass til 23 mjølkekyr med påsett. Store utmarksresursar gjer at dei kan ha ein så stor besetning av både ku og sau. I tillegg så har garden over tid forpakta fleire nabogardar.

Karluf Håkull og Erling Eggebø frå Nortura stod for servering av god grillmat på gamlelåven, og vertsfolket stod for kaffi og kaker. Vi gjekk med andre ord ikkje svoltne derifrå.

Etter stoppen på Bjørke gjekk ferda vidare til Hotell Fleischer med overnatting til søndag. Kvelden vart avslutta med middag og quiz. Lokale spørsmål var laga av Lars Haugland og med sonen Torbjørn som quizmaster. Den sosiale drøsen gjekk til langt ut i dei seine nattetimar.

Bønder er ikkje vant med å liggja og dra seg så vi var sjølvstekt først også i frukostsalen på søndagen. Neste stopp var Voss vidaregåande skule. Du verden for eit bygg og eit skuletilbod. Heilt ny skule i 2016 med tilbod til eit uttal fagområde. 140 tilsette og over 400 elevar har 11000 m² bygningsmasse til å boltra seg på. Ikkje rart at dette er ein av dei mest moderne yrkesfaglege skulane på Vestlandet.

Nytt lausdriftsfjøs var og på plass. Linjer for naturbruk, elektrofag, bygg og anlegg, restaurant og matfag, og teknikk og industriell produksjon. Mang ein uskedeling har gått på Voss opp gjennom åra. Også i år hadde dei elevar frå bygda vår.

Vi takka Samson Hamre for ei flott omvising og drog på heimveg fulle av inntrykk frå ei svært så innhaldsrik helg.

Stor takk til folket på Bjørke. Vi ynskjer dei lukka til med den vidare satsinga i det som vi hevdar er verdast mest matnyttige yrke, mat produsert på lokale resursar og dyr. Meirklima smart kan det ikkje bli.

Takk også til Tor Ove, Runar og Lars som hadde lagt opp til ein så vellukka tur.

Tekst: Hans Reidar Kjærland

Foto: Uskedal Bondelag

Nett: Kristian Bringedal



Vertsskapet på Bjørke vart takka for god mottaking og eit godt fagleg utbyte av besøket.